

Til Norges Bank

25.11.2020

Tilråding om å oppheve utelukkinga av Atal SA/Poland frå Statens pensjonsfond utland

1 Innleiing

Etikkrådet tilrådde 25. august 2017 å utelukke Atal SA/Poland (Atal) frå Statens pensjonsfond utland på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet medverka til grove menneskerettsbrot.¹ Atal er eit polsk firma som driv med eigedomsutvikling, og tilrådinga gjaldt bruk av nordkoreanske arbeidarar på selskapet sine byggjeplassar i Polen. Norges Bank tok tilrådinga til følgje, og avgjerda vart offentleggjort 16. januar 2018.

Ifølge retningslinjene for observasjon og utelukking frå Statens pensjonsfond utland § 5 nr. 5 skal Etikkrådet jamleg vurdere om grunnlaget for utelukking framleis er til stade. Etikkrådet kan på bakgrunn av ny informasjon anbefale Norges Bank at utelukkinga vert oppheva.² Etikkrådet anbefaler no å oppheve utelukkinga av Atal.

2 Etikkrådet si tilråding frå 2017

Grunnlaget for Etikkrådet si tilråding var at nordkoreanske arbeidarar arbeidde på Atal sine byggjeplassar. Arbeidarane var leigde inn via to ledd av underleverandørar. Rådet bygde på fleire rapportar som viste at situasjonen for nordkoreanske arbeidarar i utlandet var å sjå som tvangsarbeid. Arbeidarane hadde ikkje høve til å avbryte arbeidet og vart fråtekne pass og mobiltelefonar. Dei var også under konstant overvaking og arbeidet skjedde under trussel om straff mot familien i heimlandet. Atal bekrefta at det var nordkoreanske arbeidarar på selskapet sine byggjeplassar, men peika på at arbeidarane ikkje var tilsett av Atal, og at dei i alle tilfelle hadde gode arbeidstilhøve.

Etikkrådet fann at Atal har eit ansvar for alle arbeidarar på sin byggeplassar, også dei som vert hyra inn via underleverandørar. Gjennom å akseptere bruk av nordkoreanske arbeidarar meinte rådet at Atal medverka til grove menneskerettsbrot. Rådet fann også at bruken av desse arbeidarane var ein del av Atal sin forretningspraksis, og at den framtidige risikoen for grove menneskerettsbrot derfor var uakseptabel.

3 Nord-koreanske arbeidarar i EU

EU avgjorde i februar 2018 å følgje resolusjonen til FNs tryggingsråd om at alle arbeidarar frå Nord-Korea skal vere returnert til heimlandet innan 2020.³ I desember 2019 rapporterte Polen til tryggingsrådet at det ikkje lenger er nord-koreanske arbeidarar i landet.⁴

¹ Tilrådning om å utelukke Atal SA fra Statens pensjonsfond utland,
<https://etikkradet.no/files/2018/01/tilr%C3%A5dnings-Atal-20481.pdf>.

² Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland,
<https://lovdata.no/forskrift/2014-12-18-1793>.

³ Rapport frå møte i EU sitt råd for utanrikssaker, 26. februar 2018,
<https://www.consilium.europa.eu/media/32966/st06541-en18.pdf>.

⁴ FNs tryggingsråd, *Security Council Committee established pursuant to resolution 1718 (2006), Note verbale dated 4 December 2019 from the Permanent Mission of Poland to the United Nations addressed to the Chair of the Committee*, https://www.un.org/ga/search/view_doc.asp?symbol=S/AC.49/2019/51.

4 Informasjon frå selskapet

Etikkrådet sendte brev til Atal 15. oktober 2020. I sitt svar skriv selskapet at det ikkje lenger er nokon nord-koreanske arbeidrarar ved selskapet sine byggjeplassar.

5 Etikkrådet si vurdering

Ettersom det ikkje lenger er nord-koreanske arbeidrarar i Polen, meiner Etikkrådet at grunnlaget for tilrådinga frå 2017 ikkje lenger er til stade.

6 Tilråding

Etikkrådet tilrår å oppheve utelukkinga av Atal frå Statens pensjonsfond utland.

Johan H. Andresen Leder (Sign.)	Hans Chr. Bugge (Sign.)	Cecilie Hellestveit (Sign.)	Trude Myklebust (Sign.)	Brit K. S. Rugland (Sign.)
---------------------------------------	----------------------------	--------------------------------	----------------------------	-------------------------------